

Om juryarbeidet

Juryen for Rosettaprisen 2022 har vore Ole Jan Borgund (leiar), Ika Kaminka og Geir Uvsløkk. Av dei 245 sakprosaomsetjingane som ifølgje Bokbasen kom ut i 2021, nominerte forlaga 12 til prisen. Juryen har i tillegg vurdert 36 omsetjingar på eige initiativ. Vi har altså vurdert til saman 48 bøker. Juryen har hittil hatt tre møte; eit siste og avgjerande møte står att.

Det mest slående ved dei bøkene som er vurderte, er den enorme variasjonen. Bøkene dekkjer store delar av spekteret av det sakprosa utgjer, og vi har lese alt frå teikneseriar til filosofiske traktatar, vi har lese bøker for og mot aktuelle saker, thrillerliknande krigs- og terrorkildringar frå gamle og nye konfliktar, vi har lese om fotball, filosofi og kristenliv, og langsame meditasjonar over språklege og eksistensielle spørsmål, og mykje anna.

I alt dette mangfaldet er det *ei* form for einfald som slår ein: engelskdominansen. For sjølv om juryen har vurdert omsetjingar frå ti ulike språk, er langt dei fleste – dei fleste vurderte, dei fleste nominerte og dei fleste publiserte – på engelsk. Med svensk som ein god nummer to. Det er tankevekkjande at dei to språka nordmenn meiner seg best i, er dei det vert omsett mest frå.

Om vi elles skal trekkje fram fellestrekk eller trendar ved mange av utgivingane, er det særleg to som har slått oss. Mange av bøkene er skrivne i ei «hybridform» som plasserer seg i skjeringsfeltet mellom skjønnlitteratur og sakprosa og slik rokkar ved dei innarbeidde kategoriane som det norske litterære systemet kviler på. Eit anna og kanskje endå sterkare fellestrekk er at forfattarane i stor grad skriv seg sjølv inn i teksten og bruker eigne erfaringar som materiale, anten dei skriv om kjemi, religion, krig eller landbruk.

Som rettesnor har juryen hatt nokre tilsynelatande enkle kriterium: Omsetjinga må vere kongenial – det vil seie at stilen og tonen i omsetjinga må vere tilpassa stilen og tonen i originalen. Omsetjaren må forstå fagfeltet og meistre fagterminologien. Juryen har vidare sett på om omsetjaren har vist kreativitet, og vurdert kva særlege utfordringar hen har råka ut for. Til sist – og det seier seg sjølv – må det norske språket i omsetjinga vere godt, og teksten må vere korrekt omsett.

Gjennom juryarbeidet har vi blitt svært medvitne om kor vanskeleg det faktisk er å omsetje, kor lett det er å trø feil, og kor ufatteleg mange val omsetjaren må ta på kvar einaste side.



Samstundes er vi imponerte over kor mange svært gode omsetjingar det er i det norske sakprosalandskapet.

Dei fem bøkene vi har valt ut, har klart å overtyde oss, fått oss til å gløyme at vi les omsett litteratur og – når vi likevel har mint oss sjølve på det – fått oss til å fryde oss over elegante setningssnirkklar, prosa som er praktisk og nevenyttig, og fossande, medrivande kva-skjer-no?-forteljingar.

Dei nominerte er:

- Mette Heuch Berg for omsetjinga av *Om tilblivelse og undergang* av Aristoteles, Vidarforlaget
- John Grande for omsetjinga av *Si ingenting: En sann historie om mord og terror i Nord-Irland* av Patrick Radden Keefe, Cappelen Damm
- Hege Mehren for omsetjinga av *Livet på landet: En felles arv* av James Rebanks, Forlaget Press
- Rune R. Moen for omsetjinga av *Magien med kjemien* av Mai Thi Nguyen-Kim, Gyldendal
- Christian Rugstad for omsetjinga av *Tre ringer: En beretning om eksil og skjebne* av Daniel Mendelsohn, Forlaget Press